



KANDIDAT

**9018**

PRØVE

**MSA115 1 Risiko og samfunnssikkerhet**

---

Emnekode	MSA115
Vurderingsform	Skriftlig eksamen
Starttid	05.12.2019 08:00
Sluttid	05.12.2019 13:00
Sensurfrist	26.12.2019 22:59
PDF opprettet	21.12.2019 15:05

---

## Seksjon 1

Oppgave	Tittel	Oppgavetype
i	Forside	Dokument
1	MSA 115 Skriftlig	Langsvar

## 1 MSA 115 Skriftlig

Skriv inn besvarelse her. Oppgaveteksten kan du se til venstre.

Skriv ditt svar her...

## Alternativ B

1.

Omgrepet risiko har ikkje ein eintydig definisjon. Det er eit omgrep som ikkje lett let seg definere, og dermed eksisterer det ein stor variasjon av definisjonar. Den tradisjonelle definisjonen er *sannsyn x konsekvens = risiko*. Denne definisjonen har eit klart realistisk preg då den i all hovudsak dreier seg om utrekningar med tanke på å få eit talbasert resultat (omgrepet realisme vil verte forklart i oppgåve 2). Her kan ein sjå at ein kan rekne ut risikoen basert på, nokre gonger enkle og andre gonger meir kompliserte, matematiske formlar. sannsynet blir ofte rekna statistisk ved at ein ser på tidlegare hendingar og konsekvens seier noko om omfanget av hendinga.

Aven, Rosa og Renn (2011) har gjennomgått mange ulike definisjonar av risiko og ser alt frå enklare matematiske formlar, til definisjonar som også inkluderer usikkerheit og folks persepsjon på risiko. Aven og Renn (2010) definerer risiko som *"usikkerheita om og alvorlegheita av hendingar og konsekvensar (eller resultat) av ei aktivitet med hensyn til noko menneske verdset."* Denne definisjonen inkluderer fleire komponentar enn kun sannsyn og konsekvens. Den inkluderer også usikkerheita rundt ein risiko og tanken om at ei hending må ha menneskeleg verdi for å utgjere ein risiko. Ein ser også at konsekvensar ikkje berre har negative konnotasjonar då ein kan tolke (eller resultat)

som ein måte å vurdere risiko som noko positivt. Eit døme på dette kan vere risikoen ved å sette pengar i aksjemarknaden.

At det må ha menneskeleg verdi for å sjåast på rom risiko kan ein også sjå i den norske standarden (NS 5830:2012) der ein kan tenke seg risiko som ein trekant der ein plasserer trussel, sårbarheit og verdi i kvart sitt hjørne. Denne definisjonen meiner at ein er nøydd å ha alle desse tre komponentane for at noko skal utgjere risiko. Desse definisjonane er meir konstruktivistiske (sjå oppgåve 2) i sine syn, sjølv om dei kan inkludere komponentar som ligg tett til realismen.

Risikoomgrepet kan verte forstått på mange ulike måtar, frå definisjonar som kun er matematiske, til definisjonar som også omhandlar og inkluderer menneske og dets persepsjonar og kva me legg verdi i. Risiko er også noko som har betydning for korleis me som samfunn forstår sikkerheit. Sikkerheit er eit omgrep som på norsk innlemmar begge omgrepa: safety og security. Debatten mellom desse to omgrepa har vore korleis ein skal skilje dei, om skiljet skal vere henholdsvis unintensjonelle og intensjonelle handlingar, eller om denne definisjonen ikkje er dekkjande nok. Jore (2017) foreslår at dette skiljet ikkje er godt nok då ein kan ha intensjonelle hendingar som ikkje utgjer ein security-trussel. Derimot foreslår Jore at det ikkje er eit markant skille mellom safety og security, men heller at det er ein overgang og ein bør skilje mellom vondsinna og ikkje-vondsinna handlingar i staden.

Dersom ein skiljer mellom vondsinna og ikkje-vondsinna handlingar er det meir enn berre intensjon som er lagt til grunn. Det er også inkludert ein tanke om at handlingen skal skade dei som vert påført hendinga. Her kan ein tenke seg at det vil vere ei større risiko for folk flest, då security-hendingar vil kunne også kunne råke ei større gruppe, ikkje berre gjennom direkte skade, men også gjennom frykt (Social amplification of risk rammeverket kan vere eit forklarande rammeverk for korleis risiko vert påverka av folks persepsjon). Av ulike grunnar er frykt for terror

større enn frykt for stormar og orkanar. Her har eg lagt til grunn at risiko også inkluderer menneskets syn på risikoen, og ikkje berre sannsynet for at det skal skje. Dersom ein ser risiko som eit meir konstruktivistisk omgrep vil ein kunne argumentere for at risikoen for security-relaterte hendingar i seg sjølv kan vere liten, men folks syn på risikoen og usikkerheita rundt den vil gjere at den opptek både meir av folks tid og energi, samt at tiltak mot risikoen vil vere ønska (sjølv om risikoen for hendinga er særst liten). Terror er eit døme på korleis ein kan sjå mismatch mellom sannsynet for risikoen isolert sett, og folks syn på risikoen og ønske om å gjere tiltak for å hindre slike hendingar.

I safetysamanhengar vil ein kunne argumentere for at folk ser på risikoen med andre auge. Snøskred og flaum er noko som har hendt til alle tider, og sjølv om risikoen for desse er høgare i Norge kan ein likevel sjå mindre bekymring. Det kan vere ulike grunnar til dette, men blant anna vil ein oftare kunne vite konsekvensane av eit snøskred eller flaum i ei elvemunning, medan konsekvensane av eit terrorangrep eller spionasje kan ha høgare grad av usikkerheit. Det kan vere mange grunnar for dette, men desse persepsjonane vil likevel vere viktig for korleis ein ser på risiko og definerer risikoomgrepet.

2.

I denne oppgåva vil realisme og konstruktivisme verte omtala som perspektiva, og teoriane som ligg under desse perspektiva vil kallast teoriar eller syn. Risiko har, som nemnd i oppgåve 1, ingen eintydig og klar definisjon. Risiko kan bety ulike ting og verte forklart på fleire måtar i samfunnsvitskapen. Det er to perspektiv på risiko, realisme og konstruktivisme, ein kan gå ut frå. Desse to vitskapelege perspektiva er motpolar i forstand at realisme ser på risiko som noko som eksisterer objektivt og uavhengig av menneske, medan konstruktivisme ser på risiko som eit konstruert fenomen som eksisterer avhengig av menneske. Likevel er det ikkje alltid slik at ein kan plassere alle teoriar og forskarar i ein bås, då det er variasjonar og gradar innan desse syna. På midten av spekteret finn ein også det ein kan kalle kritisk realisme eller svak

konstruktivisme. Dette er to perspektiv som godtek premissa til både realistane og konstruktivistane, men meiner at det eine ikkje utelukkar det andre.

Som nemnd i oppgåve 1 kan ein sjå den tradisjonelle definisjonen på risiko (sannsyn x konsekvens = risiko) som ei realistisk tolking av risiko. I realismen ser ein på risiko som matematiske formlar som kan reknast ut ved hjelp av statistikk og liknande hjelpemiddel. Det har ei høgare grad av kost-nytte tenking, noko ein kan sjå i dei teknisk-økonomiske teoriane, som ligg under realismen. I det teknis-økonomiske synet vil ein kunne sjå den tradisjonelle definisjonen av risiko som riktig måte å definere risiko. Denne teorien legg vekt på tal og vurderer framtida ut frå fortida. Lupton kallar dette den 'naive realismen', då dei ikkje fokuserer på det menneskelege ved ein risiko. Synet legg vekt på at ekspertar innehar kunnskapen om ein risiko og at lekfolk ikkje må takast i betraktning når ein vurderer risiko. Dermed vert risiko noko som kun vert formulert og definert av ekspertar.

Under det realistiske perspektivet finn ein også dei psykologiske teoriane, som til dømes heuristikkar og psykomatiske teoriar. Desse teoriane vert fortsatt klassifisert under det realistiske perspektivet då dei meiner at ekspertar fortsatt innehar kunnskapen om risikoane, men dei er positive til å trekke inn risikopersepsjon som det teknisk økonomiske synet. Dermed vert dei plassert litt nærmare midten på spekteret. Dei psykologiske teoriane anerkjenner at risiko kan verte påverka av folks persepsjon på risikoen. Dei ser at mennesker vert påverka av folk rundt oss og risikoane som har fokus i media og andre informasjonskanalar. I heuristikksynet ser ein at det ein høyrer om sist er det som får fokus. Her kjem media og uformelle nettverk inn i bildet som ein del av forming av risiko.

Det konstruktivistiske perspektivet ser risiko som ein sosial konstruksjon og ikkje noko som finst uavhengig av mennesker. Under dette

perspektivet finn ein ulike syn, blant anna dei sosio-kulturelle teoriane som omhandlar korleis ulike sosiale og kulturelle bakgrunnar formar menneskers syn på risiko. Desse rangerer frå svakt konstruktivistiske til sterkt konstruktivistiske i sitt syn. Nokre av dei er ikkje så lette å plassere på spekteret (t.d. Luhmann) då dei både meiner at ein kan sjå på risiko som noko objektivt samstundes som ein kan sjå at kultur og bakgrunn har påverknad for korleis ein oppfattar risikoar. Under det sosio-kulturelle perspektivet finn ein teoretikarar som Mary Douglas som meiner at ein risiko ikkje er ein objektiv standard, men heller eit resultat av ulike kulturar og at ulike grupper forstår risiko ulikt (dette kan ein sjå i group-grid modellen til Douglas, Wildavsky, Thomson og Ellis der ein grupperer syn på risiko ut frå gruppetilhøyrlegheit og korleis ein forhold seg til hierarkiet). Niklas Luhmann kan også plasserast i det konstruktivistiske perspektivet då han meiner at mennesker opererer i ulike system i samfunnet, og at desse systema har sitt eige språk og sin eigen måte å definere risiko. Kommunikasjon på tvers av desse gruppene vil vere vanskeleg og dermed er ikkje risiko noko som kan objektivt definerast. Derimot ser Engen (2016) at Luhmann også kan sjå på risiko i seg sjølv som ei objektiv sanning. Dermed er det ikkje enkelt å tolke risikoomgrepet på ein spesifikk måte, men ein kan sjå at det kan tolkast på ulike måtar ut frå kva ståstad ein ser risikoen frå.

Beck og Giddens ser også risiko som noko dels konstruert av samfunnet, og dei meiner også at samfunnet me lev i i dag, *risikosamfunnet*, produserer fleire risikoar enn me kan handtere. Likevel kan ein hevde at samfunnet me lev i er tryggare i dag enn nokon gong. Vi har paradoksalt nok stor grad av ontologisk sikkerheit, me stolar på system me veit lite om, til tross for at me lev i ei reflektiv modernitet, der me bekymrar oss meir og meir for det aukande antalet risikoar som følgjer med den teknologiske utviklinga. Denne forklaringa av dei ulike teoriane og perspektiva syner at risikoomgrepet ikkje er enkelt og eintydig, og at ulike vitenskaplege teoriar vil tolke og tyde risiko ulikt. Dette betyr at risikoomgrepet vil tolkast ulikt av ein forskar som identifiserer seg under det teknisk-økonomiske perspektivet og ein som identifiserer seg under



det sosio-kulturelle perspektivet.

3.

Ein har i nyare tid klart å integrere både det svakt konstruktivistiske og det realistiske perspektivet i ein og same modell: IRGC-modellen. Denne modellen er eit teknisk og samfunnsvitskapeleg samarbeid som utarbeidar strategiar for *governance*, altså politisk styring og kontroll. Denne modellen nyttar seg både av realistiske metodar for innhenting av data, samt at den nyttar seg av risikopersepsjon og korleis folk forhold seg til risikoen. Involvering av befolkinga i sjølve utforminga av tiltaka for risikoane er også avhengig av at tilliten mellom befolkinga og myndigheitene er stor. Grad av tillit vil påverke om befolkinga vil late seg styre og kontrollere eller ikkje.

Først vert modellen presentert for deretter å verte integrert i eit døme. Modellen er omfattande, og vil ikkje bli gjennomgått i detalj. Døme som vert nytta er retningslinjene til gravide, både med tanke på svangerskapsdiabetes og andre graviditetsrelaterte risikoar. Den er eit godt døme både på rammeverket IRGC samt at den er eit døme som også er nyttig i forklaring av konseptet "governmentality" i neste oppgåve.

IRGC-modellen er grovt sett delt i to. Den eine delen er innhenting av informasjon og vurdering av risikoen ("assessment sphere") og den andre delen er den som omhandlar styring og korleis ein best skal handtere styringa og kontrollen av desse risikoane ("management sphere").

Modellen består av fire fasar, og gjennom alle fire fasane er kommunikasjon ein viktig komponent. :

1. Pre-assessment: der målet er å kome fram til kva metodar og styringsstrategiar ein ønskjer å nytte. Ein også ser etter det Renn (2008) kallar early warning, altså teikn til risikoen eller faren.
2. Risk appraisal: i denne fasen er målet å innhente informasjon om risikoen. I risk assessment delen innhentar ein informasjon som påverkar

liv, helse og andre aspekt. Dette er den realistiske delen av modellen. Den andre delen av denne fasen er concern assessment, der ein innhentar informasjon om kva som er befolkingas syn på risikoen og korleis dei forhold seg til den.

3. Tolerability and acceptability judgement: denne fasen er også todelt og den første delen er er risk characterisation. Dette er slutten på ekspertvurderinga, og det skal lagast ein konklusjon som syner kor alvorleg risikoen er samt forslag til korleis ein kan handtere risikoen. Risk evaluation kallar Renn (2008) den andre delen i denne fasen. Her skal ein avgjere om risikoen er akseptabel, tolerabel eller ikkje tolerabel.

4. Risk management: I denne fasen må ein implementere og evaluere tiltaka gjennom blant anna overvaking og evaluering av tiltaka.

I "assessment sphere" er ein nøydd til å klassifisere risikoen som kompleks (mange årsakssamanhengar), usikker (har ikkje nok informasjon om) og/eller normativt eller fortolkande tvetydig (henholdsvis usikker på verdigrunnlag og usikker på ekspertgrunnlag, då klassifiseringa vil ha betydning for styringsstrategi. IRGC-modellen presenterer generiske styringsstrategiar der ein ser deliberasjon som eit viktig element, men også at ein kan ha ulik involvering av interessentar ut frå korleis ein klassifiserer risikoen. Det mest kontroversielle aspektet i IRGC-modellen er avgjerdsla om risikoen er akseptabel, tolererbar eller ikkje tolererbar. Dersom risikoen er akseptabel er det ikkje hensiktsmessig å gjere risikoreduserande tiltak, medan dersom den er tolerabel må tiltak iverksettast. Vert ein risiko ansett som ikkje tolererbar må noko gjerast for å eliminere denne risikoen.

Med tanke på dømet om rettningslinjer til gravide vil ein då kunne sjå korleis komplikasjonar knytt til kosthald og trening ikkje berre kostar samfunnet mykje, men også skade fosteret, ikkje berre dei som går gravide. I risk appraisal fasen vil ein innhente både informasjon frå helseforetaka, men ein vil også kunne inkludere andre interessentar, ut frå korleis ein klassifiserer risikoen. Dette kan vere til dømes



helsekostbransjen, ekspertar på helse, eller den gravide befolkinga. Dersom ein ser svangerskapsdiabetes som ein usikker risiko så krevjer dette ein refleksiv styringsstrategi der diskursen er dialog og deliberasjon mellom internt tilsette, eksterne ekspertar og involverte interessentar. Dersom ein derimot ser på dette med normativ tvetydigheit der ein er usikker på verdigrunnlaget, og kor mykje ein aktivt skal involvere staten i ein graviditet, vil ein nytte ein strategi der ein må involvere alle aktørar, til og med befolkninga i deliberasjonen.

Grunnen til at IRGC-modellen er sett på som ein modell på tvers av perspektiv er at den inkluderer både dei tekniske-økonomiske aspekta og ekspertvurderingane, samstundes som ein ser på risikopersepsjon og korleis folk oppfattar risikoen. Når det kjem til beslutninga om å innføre helse og kosthaldsrettelegg til gravide kan ein sjå at svangerskapsdiabetes som risiko kan klassifiserast som tolererbar, der ein må tole at individ et og trenar som dei ønskjer. Likevel treng ein gjere risikoreduserande tiltak som å gjere det enklare for gravide å finne riktig informasjon. Blant desse tiltaka er informasjonsbrosjyrar, samtalar med lege og helsesøster under svangerskapet og tilgjengeleg informasjon på nett. I "management sphere" kan ein sjå i ettertid om desse tiltaka har fungert slik som det var meint, og om det er nødvendig å gjere ytterlegare tiltak. Det kan også vere at ny forsking og meir informasjon om tema kan føre til at ein må evaluere heile saka på nytt. IRGC-modellen er ein sirkulær modell som ikkje stoppar etter den er gjennomført, men heller vidareført.

4.

Teorien om governmentality involverer fleire mekanismar (blant anna dispositif og utleiringsmekanismar), men kortfatta kan ein seie at *governmentality* syner til Foucaults teori om at ein kan styre befolkinga utan at befolkinga føler at ho vert styrt. Det vil seie at ein kan gjere styringstiltak som fører til at befolkninga føler at det er dei som tek val, ikkje staten som gjer valet for dei. Governmentality som konsept omtalar ikkje risiko direkte, men dersom ein ser governmentality som eit

styringsprinsipp ser ein at den kan vere relevant for risikostyring. Til dømes kan staten lage retningslinjer, men det er befolkinga som gjennomfører desse retningslinjene, og også påfører den andre. Til dømes kan ein sjå dette ved at folk rundt dei gravide også er påpasselege med at dei følgjer retningslinjene, og at det gagnar fleire enn berre staten at mor og barn er sunne og friske.

Det er vanskeleg å sjå governmentality i praksis då den ikkje gir utslag i lovgiving og kva som er tillate eller ikkje, men heller i kva som er anbefalt åtferd og kva som er uønska åtferd for gravide. Likevel kan ein i Norge sjå at me har stor tiltru til ekspertsystem og dermed vil vere relativt enkle å påverke, i motsetnad til til dømes Jordan, der ein har lite tiltru til dei offentlege helsemyndigheitene og dermed ikkje vil stole på retningslinjer for ønska åtferd. For at governmentality som styringsprinsipp skal kunne fungere treng ein høg grad av ontologisk sikkerheit (Giddens teori om at me stolar på system me har lite kunnskapar om). I Norge har me høg grad av ontologisk sikkerheit og høg tillit til systema som eksisterer i samfunnet. Dette gjer at Norge er godt disponert for å synleggjere governmentality. Dømet ein kan ein sjå dette i er utforming av retningslinjer til gravide. Spesielt med tanke på at kvinner har auka risiko for diabetes under svangerskapet, kan ein sjå ulike framgangsmåtar for å få fram ønska åtferd. Ein kan sjå eit stort antal retningslinjer for gravide, som ikkje berre omhandlar helse og kosthald, men mange aspekt i kvardagslivet til den gravide. Det er nærliggjande å tru at dei aller fleste gravide vil sitt barns beste og dermed er påverkelege og moglegeins enkle å styre. Dermed vil retningslinjer og liknande tiltak kunne ha god effekt i Norge.

Ved retningslinjer heller enn lovverk om korleis gravidens åtferd helst bør vere synes ein å gi friheit til befolkinga å velje sjølv. Dersom du ønskjer å la vere å trene og samstundes ønskjer å ete prosessert mat aukar du sannsynet for svangerskapsdiabetes som aukar risikoen for komplikasjonar. Du står likevel fritt til å ta dette valet sjølv, og ta det valet som du trur er til ditt eige beste. Derimot syner governmentality at

ein ikkje egentleg har friheita til å velje sjølv, og at desse styringsmekanismane er usynlege i form av at ein føler ein kan velje, medan realiteten er noko heilt anna.

Governmentality vert sett som ein måte staten kontrollerer sjølv om ein føler at ein tek eigne val. Her kan ein sjå at gravide ønskjer å ta til seg store mengder informasjon for å få eit best mogleg svangerskap både for seg sjølv og fosteret. Ein kan sjå at den norske stat gjennom ulike offentlege aktørar distribuerer informasjon og ny forskning på feltet og til ein kvar tid har retningslinjer for kva som er god og dårleg åtferd. Blant anna kan ein sjå at kvinner vert fraråda blant anna alkohol, lakris og prosessert mat under svangerskapet då dette kan vere ein medverkande faktorar for seinare komplikasjonar. Ein får rettleiing på korleis ein skal ete, og trene for å vedlikehalde eit sunt svangerskap. Dette er ikkje lover som kontrollerer befolkinga, men heller styringsmekanismar som bidreg til å styre befolkinga til det som vert sett på som ønska åtferd.

Folkeopplysning gjer det også mogleg for dei rundt den gravide å bidra til ønska åtferd.

Samstundes kan ein også sjå ei aukande motvilje mot desse retningslinjene, at dei påfører for mykje press, at ein ikkje skal ta alt staten seier som sanninga og at ein godt kan gjere ting på sin eigen måte utan at dette skal sjåast på som "feil åtferd". Denne tankegangen utfordrar governmentality, og ein ser at folk i aukande grad stiller seg kritisk til styringa frå myndigheitene og dets inngripen i privatlivet. Til tross for at Norge er eit trygt land å bu i, tek folk risikoar både fordi dei er nøydd, men også fordi dei har lyst. Desse risikoane er det ikkje alltid mogleg å gjere noko med, eller hensiktsmessig å gjere noko med.

Risikostyring i Norge vil kunne dra nytte av governmentality tankegangen, men ein vil aldri kunne eliminere all risiko. Folk ønskjer uansett å leve spennande liv, og tek dermed berre risikoen til ein anna del av livet som edgework, der dei kjenner at dei lever til tross for at kvardagslivet er rutineprega og straumlinjeforma til det myndigheitene ser på som ønska åtferd.

Governmentality som styringsstrategi kan seiast å vere beskrivande for norsk risikostyring, men det vil uansett ikkje klare å eliminere all uønska oppførsel og at nokre individ ikkje ønskjer å late seg styre. Fleirtalet i den norske befolkninga kan likevel seiast å inngå under det Foucault kalla governmentality då me velvillig let oss styre utan at me sjølv er klar over det eller stiller særleg spørsmålsteikn ved det.